



Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/119 - 15/13097

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

04.11.2015

Søknad om forlenging av løyve - lavvo på Ramsvikneset

I 2014 fekk initivtakarane til Fosnstraumen steinalderpark, Børje Møster og Morten Kutchera, løyve til å plassera ein «steinalderlavvo» ytst på Ramsvikneset, utanfor sikringssona til den kjende lokaliteten der. Løyve vart gjeve for 2014 og 2015.

Lavvoen, som er ein teltkonstruksjon med skinn, har vore ein god del i bruk. Mellom anna har alle 4.-klassane kvart år ein steinalderdag på Straume, der lavvoen er aktivt i bruk. I sommar vart det også arrangert ein dag med sommarcamp for born på Ramsvikneset. Lavvoen har også vore brukt ved fleire andre arrangement.

Representantar frå kommunen og fylkeskommunen har fleire gonger vore ved lavvoen og sett at avtalane som gjeld bruk av området vert overhalde. Me opplever at lavvoen og bruken av denne ikkje skjemma området og steinalderlokalitetane, eller er sjenanse for folk sin ferdsel i området.

Radøy kommune søker difor om forlenga godkjenning for lavvoen på Ramsvikneset for 2016 og 2017.

Radøy kommune vil understreka at lavvoen er eigd og drifta av føretaket God jord. God jord er ansvarleg for at bruken av lavvoen er i tråd med dei avtalane som er gjort med Fylkeskonservatoren i Hordaland.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Solveig Lohne Rognved
God jord v/Børje Møster
Morten Kutchera

Mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune - Kultur- Postboks 7900 5020
og idrettsavdelinga

BERGEN